

## **Kva skal eg sjå etter? Risikofaktorar som kan stadfeste bekymringa di**

**Trekk ved barnet/ungdommen: (Korleis er det med)?**

### **Barnet sitt forhold til vaksne**

- Forholdet til foreldra
- Relasjonar til vaksne

### **Barnet sitt samspel med andre born, leikeevne og sosial kompetanse**

- Det sosiale nettverket (rus, gjengtilknyting)
- Relasjonar til andre born
- Forholdet til sysken
- Sosial deltaking
- Leik, samleik/ rolleleik/ parallel leik
- Åtferd (utagerande/ stille/ innadvendt)
- Humør (smil/gråt)

### **Barnet sin konsentrasjon**

- Allmenntilstanden (trøytt/ uopplagd)
- Konsentrasjon/uthald
- Lekser
- Fagleg nivå
- Språk/ omgrevsutvikling
- Punktlegeheit/ fråver

### **Barnet si fysiske utvikling og aktivitet**

- Grov-/ finmotorikk
- Høgde/ vekt
- Hygiene (kropp /klede)

**Teikn til bekymring hjå barn**

- Engsteleg
- Manglande mimikk
- Vanskar med søvn
- Framstår som innelukka, ulukkeleg, nedtrykt, apatisk, trist
- Klagar over fysiske smerter (hovud- og/eller magesmerter)
- Ekstremt pliktoppfyllande
- Overdreven ansvarleg og dyktig til å tilpassa seg

- Umotivert gråt og angstreaksjonar
- Fysiske symptom (til dømes unaturleg sår, merke, underlivssmerter, problem med tannpuss, vanskår å eta, store og/eller tilbakevendande bleieutslett)
- Sjølvskadande åtferd
- Hjelpeøyse, passivitet, tausheit og isolasjon
- Ufrivillig vasslating
- Ikkje adekvat vekst utan biologisk årsak. Ekstrem svolt. Sterk- over eller undervekt
- Ofte lite tenleg påkledning i høve årstida
- Forsømt hygiene, uvaska, skitne klede, ustelt, därleg tannhelse
- Påfallande seksuell åtferd, til dømes i leik
- Manglande oppfølging av kontrollar på helsestasjon eller naudsynt medisinsk behandling.

### **Særlege teikn hjå barn opp til to år**

- Anspent, passiv eller tilbaketrekt
- Vanskeleg å regulera sovn, mat, merksemld og stimulering
- Utforskar omverda utan å søkja støtte eller anerkjenning frå vaksne
- Utrøysteleg, skriketokter, panikkanfall
- Utrygg
- Hovuddunking
- Vanskår i overgangssituasjonar over tid

### **Risikosituasjonar eller situasjonar som kan skape sårbarheit hos barn/unge.**

#### **Barn/unge som:**

- Opplever alvorleg sjukdom eller dødsfall i nær familie
- Er alvorleg sjuke eller sjuke over lang tid.
- Har føresette som flyttar frå kvarandre (skiljest)
- Flyttar (endå meir om dei har anna kulturbakgrunn)
- Har føresette med rusproblem, psykiske lidingar
- Har føresette med därleg økonomi
- Som sjølve har rusproblem eller psykiske lidingar
- Som vert utsett for overgrep